

Årsmelding 2010

NJFF SOGN OG FJORDANE



Jakt- og fiskeglede til alle – for alltid

ÅRSMØTE NORDFJORD HOTEL, NORDFJORDEID 19.-20. MARS 2011

INNHALDSLISTE

Program og sakliste årsmøte	side 3
Styret sine framlegg til vedtak	side 4
Nokre ord frå leiaren	side 7
Årsmelding 2010 frå fylkeslaget	side 8
Rekneskap 2010	side 25
Medlemsutvikling	side 27
Kontorutstyr og utstyr i fylkeslaget	side 35
Årsplan for 2011	side 36
Budsjett 2011	side 42
Vedtekter	side 43



PROGRAM ÅRSMØTE

Laurdag 19. mars	Kl. 13.00	Lunsj
	Kl. 14.00	Velkomen
		Nytt frå NJFF v/Henning Hansen
		Ny giv i lokallag og fylkeslag
		Oppdrett
		Hjorteforvaltning
		Innlegg frå Eid jfl – årets NM Jaktfelt arrangør
		Heiderspris og barne- og ungdomspris
	Kl. 17.00	Årsmøtesaker
	Kl. 20.00	Middag
		Dans
Søndag 20. mars	Kl. 09.00	Årsmøtesaker
	Kl. 10.30	Kaffepause med varm eplekake m/krem
	Kl. 10.45	Årsmøtesaker
	Kl. 13.00	Open time
	Kl. 14.00	Lunsj, avreise

Pausar etter behov.
Programmet kan bli endra.

SAKLISTE ÅRSMØTESAKER

1. Konstituering av møtet
 - Namneoppprop
 - Val av ordstyrar
 - Val av sekretær
 - Val av teljekorps
 - Val av 2 delegatar til å skrive under årsmøteprotokollen
 - Godkjenning av fullmakter
 - Godkjenning av innkalling
 - Godkjenning av sakliste
 - Godkjenning av forretningsorden
2. Årsmeldingar for 2010
3. Revidert rekneskap for 2010
4. Innkomne saker med styret sitt framlegg til vedtak.
5. Styret sitt framlegg til årsplan 2011
6. Fylkeslaget sin kontingentdel 2012, med styret sitt framlegg til vedtak.
7. Styret sitt framlegg til budsjett 2011
8. Val av styre i medhald av § 7.
9. Val av valnemnd
10. Val av 2 revisorar og eitt varamedlem

STYRET SINE FRAMLEGG TIL VEDTAK

Sak 1. Konstituering av møtet

Godkjenning av fullmakter

Årsmøtet tek stilling til eventuelle innkomne fullmakter

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling med førebels program vart utsendt 05.02.2010. I fylgje fylkeslaget sine vedtekter skal årsmøtet kallast inn med 6 vekers skriftleg varsel. Styret sitt framlegg til sakliste, årsmelding, rekneskap, eventuelt vedtektsendingar og andre saksdokument skal sendast til lokallaga seinast 2 veker før årsmøtet.

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Innkalling og styret sitt framlegg til sakliste vert godkjend.

Godkjenning av forretningsorden

Styret fremjar følgjande til forretningsorden:

1. Talerett har alle valde årsmøtedelegatar, fylkeslagsstyret, fylkesinstruktørar, fylkessekretær og gjester
2. Forslags- og røysterett har alle valde årsmøtedelegatar og fylkeslagsstyret. Dersom fylkeslagsinstruktørar møter som representant for eit lag har dei røysterett. Styremedlemene i NJFF Sogn og Fjordane har ikkje røysterett i saker som gjeld årsmelding og rekneskap. Ingen har meir enn ei røyst.
3. Forslag på vedtak skal leverast møteleiar skriftleg og underteikna, men før strek er sett. Berre endringsforslag som har samanheng med saker oppført på saklista kan behandlast. For seint innkomne forslag kan ikkje behandlast.
4. Alle vedtak skal avgjerast med simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta, unnateke ved personval, der ein skal ha loddrekning. Vala skal vere skriftlege dersom nokon av representantane krev det. Ved endring av vedtektene, krevst 2/3 fleirtal
5. I protokollen skal det førast inn dei som har hatt ordet i saka, innkomne forslag og avstemmingar, samt dei vedtaka som er gjorde.

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Styret sitt framlegg til forretningsorden vert godkjend.

Sak 2, Årsmeldingar 2010

Årsmelding for 2010: s. 8-24

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Styret sitt forslag til årsmelding vert godkjend.

Sak 3, Rekneskap 2010

Rekneskap 2010 s. 25-26.

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Rekneskapet vert godkjend.

Sak 4, Innkomne forslag

Det er ikkje kome inn forslag til årsmøtet.

Sak 5, Årsplan 2011

Styret sitt forslag til årsplan: s. 36

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Styret sitt framlegg til årsplan for 2010 vert godkjend.

Sak 6, medlemskontingent 2012

Fylkeslagskontingenten er no kr. 35,- for alle kategoriar med unntak av barne- og ungdomsmedlemskap med og utan tidsskrift som er sett til kr. 0,-.

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Årsmøtet gjer vedtak om å ikkje endre fylkeslagskontingenten.

Sak 7, budsjett 2011

Budsjett 2011 s. 42

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Styret sitt framlegg til budsjett for 2010 vert godkjend.

Sak 8, Val 2011**Valnemnda sitt framlegg til vedtak:**

Verv	Val	Valnemnda sitt framlegg:
• Leiar	Øyvind Hopland (ikkje på val)	
• Nestleiar sekretær	Veljast for 2 år	Per Norstein (attval)
• Kasserar	Veljast for 1 år	Per Gunnestad, Luster jfl
• Ungdomsansvarleg	Veljast for 2 år	Alf Erik Røyrvik, Naustdal jff
• Kvinnekontakt	Bente Skrede (ikkje på val)	
• Fagleiar fisk	Veljast for 2 år	Otto Åge Bergstrøm, Flora jff
• Fagleiar vilt	Geir Haukaas (ikkje på val)	
• 1. vara / Fagleiar hund	Veljast for 1 år	Robert Veseth, Flora jff
• 2. vara	Veljast for 1 år	Terje Hove Thorsnes (attval)
• Revisor nr. 1	Veljast for 3 år	Terje Espe (attval)
• Revisor nr. 2	Jan Kai Torvanger (Ikkje på val, 1 år att)	
• Revisor vara	Stein Inge Refvik (ikkje på val, 2 år att)	
• Valnemnd, leiar	Per Gunnestad	Oli Marny Årdal, Førde
• Valnemnd, medlem	Oli Marny Årdal	Roald Svoren, Bryggja
• Valnemnd, medlem	Roald Svoren	Ny veljast for 3 år

NOKRE ORD FRÅ LEIAREN

Laurdag 15. januar mottok eg den triste beskjeden om at Svein Arne Forfod hadde gått bort, så alt for tidleg. Svein Arne var god tillitsvalt, som gav mykje av seg sjølv, osa av kunnskap og engasjement, og sjølv om han hadde aldri så mange jern i ilden, sa han aldri nei, dersom ein spurde han om ei teneste. På talarstolen og i møter kom han alltid med kloke og fornuftige formuleringar, som gjorde oss alle betre og meir kunnskapsrike, og alle lytta når Svein Arne hadde ordet. Eg og alle i fylkeslaget, vil saknet han som ein god kamerat og kollega etter mange minnerike år i fylkeslaget.

At fylkeslaget har mista ein av sine mest kunnskapsrike og respekterte tillitsvalte vil nok sette sitt preg på arbeidet dette året, for det å erstatte Svein Arne sin kunnskap og engasjement er ikkje gjort over natta, og ein må kanskje finne nye måtar å arbeide på, skal ein kunne nå rundt, innafor dei mange områda som han var oppteken og svært så engasjert i. Eg vil prøve å gjere mitt for at arbeidet innafor hans ansvarsområde skal ivaretakast og vidareførast så godt som mulig.

Ny giv i lokallaga er ei av satsingane til fylkeslaget dette året, kort sagt er det å yte bistand til utvalgte lokallag, for å prøve å hjelpe dei i gang, etter kanskje ein laber periode. Det å skaffe engasjerte tillitsvalte til lokallag er mange plasser eit stort problem, og engasjementet til dei som seier ja til eit verv, er ikkje alltid det største. Fylkeslaget håper på at med litt drahjelp, vil dette generere større engasjement og aktivitet i lokallaget. Bistanden vi kan yte vil nok variere frå lag til lag, men det å lage ein aktivitetsplan og ha eit lite organisasjonskurs vil nok vere obligatorisk. Målet for i år er å yte bistand til minst 4 lokallag.

Frå nyttår i 2010 fekk vi nytt forvaltningsregime, der fylkeskommunen overtok det meste frå fylkesmannen, og på årsmøtet i Sogndal i fjor, vart vi invitert av fylkeskommunen til eit nærmare samarbeid. Fylkeslaget tok invitasjonen, og vore i fleire møter med fylkeskommunen, og har etterkvart opparbeid gode relasjonar i løpet av året som har gått. Det at fylkeslaget har godt samarbeid med offentlige organ er utruleg viktig, skal vi bli oppfatta som ein seriøs aktør, då det er her vi får mesteparten av dei midlane vi bruker i utvikling av nye aktivitetar, samt vidareføring av aktivitetar vi har hatt igjennom mange år. Fagleiar fisk, -vilt, nestleiar og fylkessekretær, har alle gjort ein kjempe messig innsats, og lagt ned mykje tid og arbeidet for å skape gode relasjonar til Fylkeskommunen, og dei skal ha ei stor takk for dette.

Fylkeslaget sitt arbeid gjennom fjordåret, er også prega av at vi har hatt en kasserar som ikkje har vore tilstade, og at vi ikkje har hatt løpande tilbakemelding på den økonomiske stoda. Etter at kassera trekte seg i slutten av November, overtok fylkessekretær denne rolla og ein har etter kvart fått ein oversikt over økonomien, alt for seint om ein skal styre etter den, men forhåpentleg tidsnok til at Årsmøtet kan godkjenne fjordårets reknskap. Stor takk til Fylkessekretæren som tok på seg denne oppgåva også i tillegg til dei andre oppgåvene ho utfører.

Eg vil til slutt takke for samarbeidet med alle dei tillitsvalde i året som har gått, og ein spesiell takk til fylkessekretæren for godt utført arbeid, og hennar fleksibel og positive haldning.

Øyvind Hopland
- fylkesleiar -

ÅRSMELDING FOR 2010

FYLKESLAGET HAR I 2010 VORE SAMANSETT SLIK:

Leiar	Øyvind Hopland	Stryn og Hornindal jspfl
Nestleiar / sekretær	Per Norstein	Leikanger jfl
Kasserar	Elin Blomseth	Aurland jfl (fram til november)
Ungdomsansvarleg	Jan Thore Fedje	Leikanger jfl
Kvinnekontakt	Bente Skrede	Stryn og Hornindal jsfl
Fagleiar Fisk	Svein Arne Forfod	Høyanger jfl
Fagleiar Vilt	Geir Haukaas	Førde jfl
1. vara Fagleiar Hund	Henning Skjalg Fureli	Hyllestad jfl
2. vara	Terje Hove Thorsnes	Leikanger jfl
Revisor 1	Terje Espe	Eid jfl
Revisor 2	Jan Kai Torvanger	Førde jfl
Revisor, vara	Stein Inge Refvik	Selje jfl
Valnemnd leiar	Per Gunnestad	Luster jfl
Valnemnd medlem	Oli Marny Årdal	Naustdal jfl
Valnemnd medlem	Roald Svoren	Bryggja og Omegn jfl

Tillitsverv som fylkesstyret peikar ut:

Fl Aversjon	Arvid Holme	Flora jfl
Rl Eppersøkshund	Rudi Sønnervik	Førde jfl
Rl Hagle	Per Gunnestad	Luster jfl
Rl Jegerprøve	Bjarne Huseklepp	Hyllestad jfl
Fl Organisasjon	Bjarne Huseklepp	Hyllestad jfl

Hundeutval:

Leiar	Henning Fureli	Hyllestad jfl
Medlem	Olav Håkonsen	Førde jfl
Medlem	Rune Olsbø	Flora jfl
Medlem	Robert Veseth	Flora jfl
Medlem	Terje Hilding	Førde jfl

Jaktskyttarutval:

Leiar	Bjarne Skrede	Stryn og Hornindal jspfl
Medlem	Jan Inge Kleppe	Eid jfl
Medlem	Svein Inge Lundheim	Leikanger jfl
Medlem	Arild Johansen	Askvoll og Holmedal jfl
Medlem	Per Gunnestad	Luster jfl

Eppersøksutval:

Leiar	Rudi Sønnervik	Førde jfl
Medlem	Lidvin Hage	Stryn og Hornindal jspfl
Medlem	Birger Hogrenning	Stryn og Hornindal jspfl
Medlem	Bente Skrede	Flora jfl

Gevirdommarar: hjort	Ove Hagerup Larsen	Førde jfl
Gevirdommar norsk hjortevilt:	Arne Aarbergsbotten	Gaular jfl

Tilsette:

Fylkessekretær 100 % stilling	Reidun Solberg Seim, Sandane
FNF kontakt 50 % stilling	Einar Skram Husabø, Leikanger
FNF medarbeider 60% stilling	Elisabeth Dahle, Hafslø

FRÅ NJFF SOGN OG FJORDANE HAR DESSE VORE MED I NJFF SINE STYRE OG UTVAL:

Bjarne Huseklepp, Jegerpr. Instr.
Bjarne Huseklepp, Jegerpr. Instr.

Medlem i Forbundsstyret
Leiar Barne- og ungdomsutvalget

FYLKESLAGET ER REPRESENTERT I DESSE UTVAL/FAGRÅD:

- Styringsgruppa i FNF (Forum for Natur og Friluftsliv), Nestleiar / sekretær, leiar vara.
- Merkeprosjekt hjort, styringsgruppa. Ove Bjørlo
- Samarbeidsrådet for laks og sjøaure i Sogn og Fjordane: Fagleiar Fisk
- Samarbeidsrådet for laks og sjøaure i Nordfjord: Arvid Pedersen
- Styringsgruppa for Norsk Villakssenter: Fagleiar Fisk
- Kontaktutvalet for rovvilt: Reidun Solberg Seim / Fagleiar Vilt
- Referansegruppe for regionalt fellingslag: Reidun Solberg Seim / Fagleiar Vilt
- Studieforbundet natur og miljø: Geir Haukaas
- Referansegruppe EU's vassdirektiv, region Vestlandet: Svein Arne Forfod

MEDIEAKTIVITET:

Januar	Pressemelding	Fagdag gaupe
Mars	Pressemelding	Årsmøte i fylkeslaget
Mai	Pressemelding	Fylkesleir for ungdom
8. april	Jaktradioen (Bergen)	Oter. Geir
Juni	Pressemelding	Fiskelykke på villmarksleir (fylkesleir)
Juni	Pressemelding	Oppdrettsnæringa – stans i vekst
13. sept	Firda	Damer på jakt. Bente
15. sept	NRK SF	Skytetrening. Øyvind
15. sept	Vestlandsrevyen.	Eftersøk, skytetrening. Rudi og Bjarne H
23. sept	Jaktradioen	Hjortejakt, gåsejakt etc. Reidun
2. nov.	NRK SF	Nytt brev til politiet – økokrim – Jølstra. Svein Arne
7. nov	Firda	fallulykke jeger. Øyvind
	Østlandsavis	Jakt. Bente

REPRESENTASJONAR, PROFILERING, MØTER OG ARRANGEMENT**JANUAR**

4.	Skei	Møte i ettersøksutvalet	Rudi, Bente, Sjur, Lidvin, Birger
15.-16	Lunde	Kvinnekontaktsamling	Bente, Reidun, Jan Thore
15.-17	Hurdal	Fylkesinstruktørsamling jegerprøve, ettersøk m.fl.	Bjarne H, Rudi
21.	Førde	Planleggingsmøte viltseminar	Geir, Reidun
22.-23	Skei	Arbeidsmøte fylkesstyret + instruktørar	
25.	Skei	Møte FNF	Per
27.	Skei	Fagdag gaupe	Per, Reidun

FEBRUAR

1.	Førde	Møte natur og miljø	Geir
1.-2.	Gardermoen	Seminar plan og bygningslov, natumangf	Reidun
2.-3.	Gardermoen	Fylkessekretærsamling	Reidun
10.	Skei	Styremøte	Styret
13.-14.	Skei	Instruktørkurs jegerprøve	Bjarne H.
22.	Eid	Kasserarmøte	Øyvind, Atle, Reidun
23.	Leikanger	Møte FNF	Per
26.-28.	Gaularfjell	Samling fuglehund	Henning

MARS

4.	Leikanger	Årsmøte Leikanger jfl	Geir
9.	Leirvik	Møte Trollfisk, plan oppdrett	Svein Arne
10.	Førde	Møte regionalt fellingslag	Reidun
10.	Førde	Årsmøte Førde jfl	Øyvind
10.	Førde	Årsmøte natur og miljø	Geir
10.	Førde	Årsmøte FNF	Per, Reidun
12.	Aurland	Årsmøte og opning lagshus Aurland jfl	Per
19.-21.	Sogndal	Leiarkonferanse og Årsmøte fylkeslaget	Styret + instr.
	Tlf. møte	Fiskefondsmidlar fylkesmannen	Svein Arne
	Leirvik	Presentasjon Sjøtroll havbruk – oppdr.	Svein Arne
	Florø	Årsmøte Flora jff	Bente

APRIL

8.	Trondheim	Møte DN lakselus og rapportering	Svein Arne
12.	Skei	Møte ad hoc gruppe endring forvaltning	Per, Svein Arne, Geir, Reidun
12.	Tlf.møte	Tilsetjingssak i FNF	Øyvind
15.	Førde	Planleggingsmøte viltseminar	Geir, Reidun
22.	Hyen	Planleggingsmøte fylkesleir	Reidun
26.	Sogndal	Intervju tilsetjing FNF	Øyvind
27.	Skei	Styremøte	Styret

MAI

6.	Naustdal	Folkemøte Rutil	Svein Arne, Reidun
15.	Fosseheimen	Opning Fosseheimen Naturpark	Reidun
18.	Leikanger	Møte med fylkeskommunen	Per, Svein Arne, Geir, Reidun
Veke 20	Førde	Blodsporkurs	Rudi
25.	Leikanger	Møte kontaktutvalet for rovvilt	Reidun
25.	Skei	Arbeidsmøte ettersøksutvalet	Ettersøksutvalet

25.-30.	Førde	Kurs ettersøk skada bjørn	Reidun
	Hanaholmen	Møte oppdrett	Svein Arne

JUNI

4.-6.	Hyen	Fylkesleir for ungdom	Øyvind, Svein Arne, Geir, Jan Thore, Reidun
4.-6.	Markane	Vidaregåande kurs ettersøk	Rudi, Bente,
11.-13.	Skei	Grunnkurs Jakthund	Rudi
14.	Førde	Møte fellingslaget for store rovdyr	Reidun

JULI

--	--	--	--

AUGUST

16.	Leikanger	FNF møte	Per
26.	Hvalstad	Møte Jakt og fiskeakademiet	Reidun
27.-29.	Honne	FLK/RS og fylkessekr.samling	Svein Arne, Reidun
28.	Skei	Fagdag ettersøk	Ettersøksutvalet
28.	Skei	Arbeidsmøte i ettersøksutvalet	Ettersøksutvalet
	Gaularfjell	Rypetaksering	Henning m.fl.

SEPTEMBER

4.-5.	Guddalen	Fisketur for jenter, OPPTUR	Bente, Jan Thore
6.	Leikanger	Møte Leikanger Barnesk. dei unge/aren	Jan Thore
7.	Florø	Møte oppdretts og forvaltning	Svein Arne
7.	Skei	Styremøte	Styret
15.	Fjaler	Temakveld ettersøk	Rudi
	Førde	Møte 1 m Erik Solheim, Brulandsfoss	Svein Arne

OKTOBER

26.	Førde	Møte fuglehundeutvalet	Øyvind, Svein Arne, Geir, Reidun
15.-17.	Gaularfjell	Opplæringsjakt for jenter	Bente, Geir, Per G.
	Førde	Møte 2 m Erik Solheim, Brulandsfoss	Svein Arne
	Førde	Møte 3 m Erik Solheim, Brulandsfoss	Svein Arne
	Hyllestad	Møte Hyllestad gr.eig.lag Espelandsvatnet	Svein Arne
	Førde	Møte miljøvernministeren	Svein Arne

NOVEMBER

2.-7.	Storbäck	Storfugljakt for jenter, Sverige	Bente
12.-13.	Sogndal	FNF samling	Svein Arne, Reidun
12.-14.	Skei	Grunnkurs jakthund	Rudi
17.	Årdal	Møte med Årdal jff og Hydro (Tyn -Ulla)	Svein Arne
18.	Skei?	Møte i lakserådet	Svein Arne
19.-20.	Skei	Styremøte	Styret
20.-21.	Skei	Viltseminar	Styret + instr.
24.	Årdal	Møte med Årdal jff og Hydro (Tyn -Ulla)	Svein Arne
26.	Luster	Jubileumsfest Luster jfl 25 år	Reidun

DESEMBER

14	Skei	Arbeidsmøte i ettersøksutvalet	Rudi
----	------	--------------------------------	------

JAKT- OG FISKEAKADEMIET – kurs og opplæring

Instruktørkurs Jegerprøve:

13.-14. februar, Førde. 6 deltakar. Kursleiar: Bjarne Huseklepp

Instruktør- og oppdateringskurs Hagledommar:

7.mai, Luster. 1 deltakar oppdatering. Kursleiar: Sanimir Handanagic

7.-8. mai, Luster. 3 deltakarar. Kursleiar: Sanimir Handanagic

Instruktør- og oppdateringskurs Hagle:

8.-9. mai, Luster. 1 deltakar oppdatering. Kursleiar: Sanimir Handanagic

8.-9. mai, Luster. 13 deltakarar. Kursleiar: Sanimir Handanagic

Instruktørkurs Rifle:

19.-20. juni, Førde. 10 deltakarar. Kursleiar: Vidar Nilsen

Grunnkurs Jakthund:

11.-13. juni, Skei. 3 deltakarar. Kursleiar: Rudi Sønnervik

12.-14. november, Skei. 10 deltakarar. Kursleiar: Rudi Sønnervik

Blodsporkurs:

Veke 20, Bekkjavatnet i Førde. 11 ekvipasjar. Kursleiar: Rudi Sønnervik

Vidaregåande Kurs Eppersøk:

4.-6. juni, Markane i Stryn. 35 deltakarar, 14 instruktørar og hjelpemannskap.

I samarbeid med Jotunfjell Fjordane Elghundklubb. Eppersøksutvalet ansvarleg frå NJFF.

Fagdag Eppersøk

28. august, Skei. 36 deltakarar, kursleiarar: ettersøksutvalet: Rudi, Bente, Lidvin, Birger og Sjur.

Oppdateringskurs Instruktør Aversjon:

27. juni. 3 deltakar. Kursleiar: Fl Arvid Holme

Opplæringsjakt småvilt for Jenter – OPPTUR Jenter, Jakt og Fiske:

15.-17. oktober, Gaularfjell. 7 deltakarar, 2 instruktørar: Per Gunnestad og Geir Haukaas. Kursleiar;

Geir Haukaas, Ansvarleg: Bente Skrede

Fisketur for jenter – OPPTUR Jenter, Jakt og Fiske:

4.-5. september, Guddal. 7 deltakarar, Bjarne Huseklepp instruktør. Ansvarleg: Bente Skrede

Medarrangør: Leikanger jfl

Storfugl- og beverjakt for jenter – OPPTUR Jenter, Jakt og Fiske:

1.-6. november, Storbäck, Sverige. 7 deltakarar, Ansvarleg: Bente Skrede.

Medarrangør: Stryn og Horningdal jspfl

Fagdag gaupejakt

27. januar, Skei. 103 deltakarar, forelesarar: John Odden og Eivind Lurås. Ansv.: Reidun S Seim

Kurs Eppersøk skada bjørn

25.-30. mai, Kråkenesmarka, Førde. 32 deltakarar. Kursleiarar: NJFF Hordaland. Kursansv.: Reidun

S Seim og Alf Erik Røyrvik (Skogeigarlaget). Førde jfl medarrangør på skytebane.

Viltseminar "Hjorten og Jegeren"

20.-21. november, Skei. 61 deltakarar, 13 forelesarar.

Samarbeid mellom NJFF SF, SF Skogeigarlag, SF Bondelag og Fylkeskommunen.



PLANARBEID OG FORVALTNING

- Seminar plan- og bygningslov, naturmangfaldlova.
- Delteke i regionalt planarbeid
- Arbeidd med søknad om rutilgjenvinning i Naustdal, innlegg på folkemøte. Høyringsuttale.
- Uttale høyring interkommunalt friluftsråd i Sogn og Fjordane

Kraftutbygging:

Arbeid med ulike kraftsaker på høyring, til dømes i Bergselvi i Luster, Ulla i Årdal, Breimselva i Gloppen, Eriksdal i Høyanger, Sognekraft i Leikanger m.fl. Manglar fullstendig liste.
3 møter med Erik Solheim vedr. Brulandsfoss, brev til Økokrim.
Arbeid vedr. revisjon vassdragskonsesjonar.

Oppdrett:

Arbeid med fleire søknader i Sognefjorden. Møte presentasjon Sjøtroll havbruk.
Høyringsuttale på bl.a. Sjøtroll og Hyen Laks med fleire. Manglar fullstendig liste.
Møte i Florø vedr. oppdrett og forvaltning.

Anadrom forvaltning

- Deltakar i lakserådet i Sogn og Fjordane
- Høyringsuttale Fiskeforskrift
- Møte med DN vedr. lakselust og rapportering
- Bisto NINA i å fange sjøaure gjennom vinteren for å studere lusepåslag på sjøaure.
- FOU prosjekt i Daleelva.
- Elveforebygging Daleelva
Manglar fullstendig liste.

Innlandsfisk

Espelandsvatnet, møte Hyllestad gr.eig.lag
Manglar fullstendig liste

Hjortevilt og anna vilt:

- Uttale Plan Hjorteviltforvaltning, Sogndal kommune.
- Uttale Ottadalen Villreinområde. Sakshandsamar
- Førehandsuttale jakttider
- Taksering av rype og storfugl på Gaularfjell. Taksørar frå fuglehundutvalet og andre.
- Bestandsregistrering av oter. På artsobservasjoner.no
- Merkeprosjekt Hjort: med i styringsgruppa for merkeprosjekt hjort i Nordfjord, og har ansvaret for deler av oppdateringa av heimesida til prosjektet.
- Ettersøk: arbeid opp mot ettersøksringane i fylket og fylkeskommunen og andre instansar, hatt foredrag på vitseminaret og på storvaldmøte i Fjaler.

Rovvilt:

Deltakar i referansegruppe for Fellingslag for store rovdyr
Kontaktutvalet for store rovdyr i Sogn og Fjordane
Høyringsuttale rovviltforskrift.

Forum for Natur og Friluftsliv (FNF)

NJFF Sogn og Fjordane har arbeidsgjevaransvaret for FNF i Sogn og Fjordane. I 2010 vart det tilsett ny medarbeider i 50 % (60% i 2010) stilling, Elisabeth Dahle. Ho er fast tilsett som FNF-medarbeider og deler kontor på Leikanger saman med FNF koordinator Einar Husabø. Nestleiar, Per Norstein er med i styringsgruppa for FNF, med leiar, Øyvind Hopland som vara.

REKRUTTERINGSARBEID OG MEDLEMSPLEIE

Heidersprisen 2010

gjekk til Oskar Holme frå Førde, for sin lange innsats for barn og unge i organisasjonen. Prisen vart delt ut på årsmøte i 2010.

Fylkesleir for ungdom

4.-6. juni på Nesholmen i Hyen. Medarrangørar: Førde jfl, Hyen jfl og Gloppen jfl. 4H stiller med kokk som er ansvarleg for all maten. 62 deltakarar, 22 vaksne instruktørar. Aktivitetar: klatring, skyting med hagle, rifle, salong og luftgevær, fiske, flugekasting, flugebitting, garnfiske, fiskestell, flåing av mår, fellefangst, bogeskyting, kano, bading, aktivitetsstafett, mat på bål, friluftsliv, telt og lavvo.

Dei unge og auren

Leikanger barneskule fekk midlar frå den naturlige skulesekken til å delta på prosjektet i Sogndalsdalen, men fekk ikkje løyve av grunneigarane å kome å bistå med fiskekultivering. Prosjektet stoppa opp.

Fuglehundar

Treningsterreng: Gaularfjellet: Langestølsterreng og Thorsnesstøylterreng kan mot betaling brukast til trening av fuglehund i tidsperioden 15.10 – 31.03 /01.01. – 31.03. Unntak er palme- og påskehelg. Jakt er forbode. Kart og informasjon finn ein på fylkeslaget si heimeside under jakthund.

Samling for fuglehundar: 26.-28. februar på Gaularfjellet.

Jaktskyting

Sogn og Fjordane Cup i jegertrap, Våpenloftet Cup i jaktfeltskyting (premiar sponsa av Våpenloftet). Koordinert skytestevner, Fylkeslaget har egne premiar i FM (Fylkesmeisterskap) og LM (Landsdelmeisterskap), i tillegg til lokallagspremiar.

Sogn og Fjordane Cup 2010, jegertrap: Vinnar kl A/B: Loyd Mandelid (Askvoll og H. jfl), vinnar kl C: Kåre Steinar Leknes (Askvoll og H. jfl), kl D1: Even Andre Grytten (Askvoll og H. jfl), kl D2: Martin Leknes (Askvoll og H. jfl), kl F: Merete Fuglestrand (Askvoll og H. jfl), kl E1/E2: Egil Dahl (Eid jfl).

Våpenloftet Cup 2010: vinnar kl A: Magnar Nyttिंगnes (Eid jfl), kl B: Sigmund Bjørlo (Eid jfl), kl D1: Kristoffer Knutsen (Rogaland), kl D2: Knut Tore Vereide (Eid jfl), kl F: Elin Karin Aa Hope (Hyen jfl), kl E1: Egil Dahl (Eid jfl), kl 2: Ingolf Tuft (Hordaland), kl JA: Kjell Åshamar (Eid jfl), kl JB: Geir Kjetil Aa Hope (Hyen jfl). Uttrekte premiar: Per Rune Kårstad, Per Tore Taklo, Reidar Lunde.

FM Jaktfelt: Fylkesmeister og jegermeister: Roy Meek, beste dame: Rita Åshamar, beste junior: Nicolai Åshamar, beste veteran: Egil Dahl. Alle kjem frå Eid jfl.

FM Leirduesti: Fylkesmeister: Geir Vie (Førde jfl), beste junior: Martin Leknes (Askvoll og H. jfl), beste veteran: Egil Dahl (Eid jfl).

FM Jegertrap: Fylkesmeister: Loyd Mandelid, beste junior: Tor Einar Ødegård Bjørk, beste veteran: Per Gunnestad.

FM Nordisk: Fylkesmeister: Geir Vie (Førde jfl), beste dame: Bente Troye (Eid jfl).

FM Elgbane: Fylkesmeister: Sigmund Bjørlo (Eid jfl), beste dame: Kristine Bjørlo Ryland (Eid jfl).

LM Jaktfelt: Landsdelsmeister: Magnar Nyttिंगnes (Eid jfl)

Medlemsfordeler:

Den største medlemsfordelen har vi som sterk organisasjon med påverknadskraft i saker som omhandlar jakt, fiske og friluftsliv.

I tillegg til dei sentrale medlemsfordelane har fylkeslaget inngått fordelar hjå:

- 15% rabatt på sikkerhetsbekledning hjå NorTeam Engros
- 10% rabattar hjå Din Sport i Førde
- 10% rabatt på skyting i simulator hjå Lunde Turiststasjon.

ORGANISASJON OG INFORMASJON

Styremøter:

Det er halde 4 styremøter og handsama 43 saker. 1 arbeidsmøte for styret og instruktørar.

Årsmøte

20.-21. mars, Sogndal. Totalt 25 delegatar med stemmerett: 19 delegatar frå lokallaga og 6 frå fylkesstyret. I tillegg møtte 3 fylkes/regionsinstruktørar og fylkessekr. og repr. frå NJFF.

Leiarkonferanse

I samband med årsmøtet, 19.-20. mars, Sogndal. 24 deltakarar frå 8 lokallag og fylkeslaget.

Organisasjonskurs

Under årsmøtet eit 3- timars org.kurs.

Kvinnekontaktsamling

For kvinnekontakter i Sogn og Fjordane 15.-17. januar, Lunde Turiststasjon i Jølster.
9 deltakarar.

Sentrale samlingar

15./17. Januar, Hurdal. Samling for RI/FI Jegerprøve, RI Ettersøk.
2.-3. febr. Gardermoen. Fylkessekretærsamling
27.-29. august, Honne Fylkesleiarkonferanse / RS og fylkessekretæresamling.
23.-24. nov. F.sekr.samling, Flå.

Informasjon

Styret har sendt ut sakliste og referat frå styremøta til lokallaga, fylkesinstruktørar og NJFF. Lokallagsinformasjonen "Jeger & Fiske" er sendt ut 2 gongar, det meste av informasjonen har gått på e-post. Nettsida til fylkeslaget www.njff.no/sognogfjordane blir brukt til å legge ut informasjon på også.

Det er laga til Facebook-konto til NJFF Sogn og Fjordane og ei gruppe som heiter OPPTUR – Jenter, Jakt og Fiske (Sogn og Fjordane).

iNatur

NJFF er medeigar i portalen www.inatur.no der ein kan kjøpe jaktkort, fiskekort og leige hytte. Årdal jff og Lærdal jfl har lagt ut sine jakt- og fisketilbod her. Dette er plassen å leite etter jakt-, fiske- og enkle overnattingsmoglegheiter.

Samarbeid

Rovvilt – fylkesmannen og fellingslaget for store rovdyr i S og Fj.

Vilt – fylkeskommunen, S og Fj Skogeigarlag BA

Ettersøk – Ettersøksringane i S og Fj, Jotunfjell Fj. Elghundklubb (vidareg. Kurs), fylkeskommunen

FNF - nettverk friluftsansjonar

Fylkesleiren for ungdom – 4H

Fisk – fylkesmannen, fylkeskommunen, andre organisasjonar i lakserådet

Tilskot og økonomisk støtte

Fylkeskommunen har gjeve tilskot til ettersøksarbeidet, trening fuglehundar på Gaularfjellet, OPPTUR Jenter, Jakt og Fiske, rekruttering jakttskyting, fylkesleir for ungdom på Nesholmen og til viltseminaret (i samarbeid med Skogeigarlaget, Bondelaget og fylkeskommunen).

Våpenloftet har sponsa premiar til Våpenloftet Cup i jaktfelttskyting

NJFF og Fiskeklubben har støtta fylkeslaget til ungdomsarbeid med meir.

Vi takkar for all støtte vi har fått!

FAGLEIAR FISK – minneord

Svein Arne var utdanna lærar, og etter mange år i skulen i Høyanger, var han dei siste åra tilsett som miljøvernleiar i Høyanger kommune.

Svein Arne vart i 2001 valgt inn som Fagleiar fisk i NJFF Sogn & Fjordane, og i 11 år fekk fylkeslaget dra nytte av ein svært fagkunnig person innan fisk og vassmiljø. Han var ikkje redd å utfordra "ekspertisen", men fekk raskt respekt grunna at han alltid var godt førebudd og viste stor fagleg integritet. Han vart òg ein stor ressurs for lokallaga i Sogn og Fjordane og vart kjent med mange rundt om i fylket. Han var òg ei av dei store eldsjelene i Høyanger jakt og fiskelag. I tillegg var Svein Arne sentral i mange fora og styringsgrupper.

Svein Arne viste òg eit stort engasjement i arbeidet med barn og ungdom, ikkje minst med å synleggjera den store rikdommen i natur og friluftsliv.

Vi som fekk gleda å sitja i styret saman med Svein Arne, fekk oppleva ein person som visste å ta vare på kvar enkelt av oss, og vi har i Svein Arne mista ein hjelpsam og oppmuntrande ven.

Saknet etter Svein Arne er og vil vera stort, men samstundes føler vi stor takksemd for den tida vi fekk arbeida i lag med han.

Svein Arne rosa ofte kona si, Målfrid. Det var ikkje mange koner som hadde slikt tolmod som henne, og aksepterte at "gubben" engasjerte seg så voldsomt i alt mogleg, som han sa.

Svein Arne Forfod døydde 13. januar av hjartesvikt, og etterlet seg kone, fire barn og åtte barnebarn.

Vi lyser fred over Svein Arne Forfod sitt minne.



ÅRSMELDING FAGLEIAR VILT

I år har vi jobba ein del med å få på plass eit registreringsverktøy for oter observasjonar, vi har sett på fleire alternativ og enda opp med eit samarbeid med artsdatatabanken. Der ein via NJFF Sogn og Fjordane sine heimesider loggar seg inn og rapporterer dei observasjonane ein har gjort.

For å prøve å få til ein så god oversikt over oterbestanden i fylket som mogeleg vil eg oppfordre alle som ser oter, eller sporteikn frå oter om å rapportere dette.

I Juni var eg igjen med som instruktør på ungdomsleiren på Nesholmen, dette er like kjekt kvart år. Spesielt kjekt er det at det for kvart år er ein liten auke med jenter som er med på leiren.

I Oktober var eg og med som instruktør på småviltjakt for damer kurset på Gaularfjellet, vi såg bra med fugl men ingen skot blei løyst.

I November var det tid for eit nytt viltseminar, dette er jo blitt tradisjon med vilt og fiskeseminar anna kvart år.

Og i år hadde vi det på Skei i samarbeid med fylkeskommunen, skogeigarlaget og bondelaget, temaet i år var hjorten og jegeren. Tilbakemeldingane på seminaret i år har vore svært gode, med flinke og interessante foreleserar.

Men eit lite hjertesukk må eg få komme med, eg synes det er for lite oppmøte, skulle tru eit slikt seminar hadde fenga meir i Norges største hjortefylke??

Uansett var det ein svært kjekk og interessant helg vi hadde på Skei.

Elles vil eg få takke skogeigarlaget, og andre samarbeidspartarar for eit veldig godt samarbeid dette året og håper det gode samarbeidet fortset inn i 2011.

Skulle det vere saker ein lurar på, så ikkje nøl med å ta kontakt, så skal eg prøve så godt det lar seg gjere å hjelpe.

Med ønske om eit riktig godt nytt jakt år

Med helsing
Geir Haukaas
- Fagleiar vilt -

ÅRSMELDING UNGDOMSANSVARLEG

Jakt og fiske-året 2010 er historie og kanskje det kaldaste på lenge? Det er heller ikkje varmt i telefonen eller på e-posten til ungdomsansvarleg. Er det slik at når ein ikkje høyrer noko, så er alt vel?

Vi har dei siste åra satsa stort på verving, og eg MÅ stilla spørsmålet nok ein gong: om dette er vegen å gå? Er vi rusta til å ta imot eit ukjent tal nye medlemmar i lokalforeiningane, slik stoda er i dag? Og kva tilbod har vi som får desse nye medlemmane til å bli? Er det vervinga, med vervepremiar som er målet, eller er det ynskje om å vidareutvikle lokallaga med engasjerte og motiverte medlemmar som er drivkrafta? Viss ein vervar medlemmar inn i musikklaget, utan å ha instrument, notar eller dirregent, kor blir det då med spelegleda????

Utfordringane våre med aksept for våre interesser vert pressa hardare og hardare, men tek vi det alvorleg? Medlemsutviklinga stagnerer, og det er ALVORLEG!!! Sogn og Fjordane toppa statistikkane for medlemsvekst for få år sidan. Slik er det ikkje lenger. Vi treng alle gå i oss sjølve og stille nokre spørsmål. Kva KAN vi gjere? Kva VIL vi gjere? Og GJER vi det? Eg trur det må kraftig lut til for å skape ny giv og vekst og ja- det er mogeleg. Vi treng ta ei beslutning om at det faktisk er det vi ynskjer og så gjere det. Men vi må opne opp organisasjonane og sleppe nye krefter inn. På same måten må vi opne opp jeger- og fiskekulturen for nye medlemmar og nye idear og løysingar. Haldningane våre vil verta sette på store og små utfordringar, men det MÅ opnast opp!!! Viss ikkje, øydelegg vi for oss sjølve, både på kort og lang sikt.

Kommersialiseringa er på full fart inn i norsk natur og vil få negative konsekvensar om det blir "fritt fram". Jakt og fiske blir "kjøp og sal" og kan setja viktige ålmente verdiar og tradisjonar i fare. Utan å gå i detalj vil eg nemna framleige, både på jakt og fiske, haldningar til ettersøk, storvald/samjakt, nattjakt/måneskinsjakt, trofè-jakt, fiske etter laks og sjøaure m.m. I heile spekteret finn ein forhold som treng utvikling og betring om ungdommane skal finna det interessant, og at befolkninga generelt gjev oss aksept for våre interesser. Fylkesleiren for ungdom viser at potensialet ligg der, og mange lokallagsmedlemmar bør ta turen til Hyen for å oppleve den.

Viser elles til utviklinga som Wild X i Oslo har fått til. Imponerande!!!
 La det verte slik i Sogn og Fjordane òg – vi er rike på natur og har store naturgjevne fordeler.
 BRUK DEI!!!!

Med venleg helsing
 Jan Thore Fedje
 - Ungdomsansvarleg -

ÅRSMELDING KVINNEKONTAKT

Året 2010 har vært et bra år for meg. Jeg har fått gjennomført det som jeg hadde satt meg som mål dette året.

Jeg startet året med en samling for kvinnekontaktene i fylket i Kjøsnefjorden 15-16.jan. Vi diskuterte hvordan og når vi skulle ha ulike aktiviteter og kurs. Enkelte av kvinnekontaktene skulle få være med å arrangere med fylkeslaget så de kunne lære og dra nytte av det. Vi startet også vår egen gruppe på facebook, i håp om å nå flere jenter. Dette har fungert bra.

Samlingen var vellykket med god mat og kjempegod stemning. Vi hadde med oss egen kokk. Det var 9 jenter som deltok. Vi fikk også prøve oss i skytesimulatoren.

4-5. sep. var det fluefiske i Guddalen. Ett av lokallaga var medarrangør. Det var 7 jenter som fikk lære å binde fluer, kaste med fluestang og fiske etter ørret. Det var fin stemning, egen kokk og god mat, men vi var så ivrige på å fiske at vi nesten ikke hadde tid til å spise. Alle var oppglødde og fornøyde. Alle fikk fisk. Det var et vellykket kurs.

Det ble opplæringsjakt på småvilt på Gaularfjellet 15-17 okt.

Det var to lokallag som skulle være medarrangører, men av ulike grunner måtte de trekke seg. Fredag var det en teoridel og lørdag og søndag var det jakt. Det var 8 jenter med, så de ble delt i to grupper. Den ene gruppen jaktet med hund og den andre uten. Også på dette kurset var det god tilbakemelding fra deltakerene.

1-6.nov.reiste 7 jenter til Storback i Sverige på storfugljakt. Ett lokallag var medarrangør her. Vi hadde litt vanskelige jaktforhold p.g.a. skaresnø, så vi måtte skyte på lange hold. Det var veldig gledelig at to førstegangsjegere fikk fugl. Tiur ble det ikke, men orrer ble det på flere av oss. Vi jaktet og på bever, men det var vanskelig fordi det ble så tidlig mørkt. Det ble ingen fangst, men spennende var det.

Jeg gleder meg til å ta fatt på det nye året med nye arbeidsoppgaver.

Med venleg helsing
 Bente Skrede
 - Kvinnekontakt -

ÅRSMELDING FAGLEIAR HUND / HUNDEUTVALET

Dette året har vore aktivt for fuglehundfolket! 20-21/2 arrangerte vi vintersamling med lagsmeisterskap. Skiftande men for det meste tunge snøforhold og 12-14 minus. Laurdag registrerte vi om lag 30 ryper, søndag hadde vi ein kortare dag i fjellet, og då såg vi ikkje så mange.

Lagsmeisterskapen på søndag vart i UK vunnen av Bertel Olsbø frå Rugsund med Pointer Navarro . AK vann Olav Håkonsen Førde med GS Nikita. Sponsorar var Sparebanken Vest og Phortos Trading /Sportsmans Pride. Takk! Vi er godt nøgd med samlinga der det deltok 16 hundar.

Prøva vi skulle arrangere 27-28/2 måtte vi avlyse p.g.a for få påmelde. Årsak til det kan vere fleire men ein vinter med mykje kulde og svært tunge forhold spelte nok ei viktig rolle.

I august takserte vi terreng for grunneigerane på Langestølen og Oppedalsdalen. Varierende med fugl men godt under det vi hadde håpa på. Takseringsarbeidet vil vi jobbe vidare med og håpar vi får løyve til å taksere Langestølen 30/4-1/5.

Dei siste åra har vi registrert mykje rev, mår og røysekatt i treningsterrenget. Vi har no løyve til mårfangst på Langestølen og ved sesongstart vart feller sett ut, og då vi "spente ned" til jul var det 2 mårar som ikkje drep fleire ryper!

Årsplan 2011 Fuglehundutvalet.

- 12-13/2 Vintersamling Gaularfjellet.
- 13/2 Lagsmesterskap Gaularfjellet.
- 5-6/3 Prøve Gaularfjellet.
- 30/4-1/5 Taksering Langestølen.
- 4-5/6 Sommarsamling Fosseheimen Naturpark.
- 5-20/8 Taksering Langestølen og Oppedalsdalen.
- 1/11-15/3 Fellefangst Langestølen

Har vore fagleiar hund frå 2005 og er komen til at eg vil takke for meg og ynskje den nye fagleiaren lykke til! Håpar å bli med i fuglehundutvalet vidare då eg ser at vi ikkje manglar oppgåver men kanskje eldsjeler!

Takk for meg!

Med venleg helsing
Henning Skjalg Fureli
- Fagleiar Hund -
- Leiar Fuglehundutvalet -

ÅRSMELDING JAKTSKYTTARUTVALET

Jaktskyttarutvalet har hatt denne samansettinga i 2010:

Leiar. Bjarne Skrede. Medlemmer. Svein Inge Lundheim, Jan Inge Kleppe.

På terminlistemøte i oktober vart det vedteke å utvide utvalet med 2 medlemmer: Arild Johansen og Per Gunnestad.

Aktiviteten har vore om lag som tidlegare år. Hagleskyting har hatt god aktivitet

I mange lokallag. En har hatt den tradisjonelle Sogn og Fjordane Cup. Den har funne si form og ser ut til å vere et vellykka arrangement.

Et satsingsområde i 2010 var å forsøke å få i gang rifleskyting i fleire lokallag.

Årsmelding NJFF -Sogn og Fjordane 2010

Få opp rekrutteringa, rett og slett.

Vi forsøkte å få fleire arrangement i dei forskjellige regionane.

Vi fekk til eit samarbeid med Våpenloftet som vart sponsor for "Våpenloftet Cup".

Våpenloftet gjekk inn med 10000,-kr i premier.

Opplegget var at av 5 stemner så skulle dei 3 beste vere tellande for kvar skyttar.

Dessverre så vart 2 av dei opprinnelege stemna avlyste. Vi lykkast å erstatte det eine. Med en reduksjon til 4 stemner så såg vi oss nøydde til å redusere teljande stemner til 2.

Erfaringane i ettertid er vel at vi ikkje fekk til noko serleg rekruttering til jaktfeltskytinga med dette opplegget. Vi bør nok finne andre måter for å få det til. Tankane har vore å få fleire interne stemner i lokallaga. Håpet er at vi greier å dra med jegerar og skyttarar på slike konkurransar.

Dei siste 2 åra har vi prøvd å kombinere jaktfeltstemner med stemner i elgbane der det har vore muleg. Det trur eg er fornuftig å fortsette med.

Til slutt ønskjer eg å takke arrangørar og aktive for god innsats i året som er gått.

Likeeins vil eg ynskje Eid Jeger- og Fiskelag til lykke med NM arrangementet dei skal ha i 2011.

Vil også oppfordre jegerar og skyttarar til å melde seg på når vi no får NM på heimebane.

Med venleg helsing

Bjarne Skrede

- Leiar Jakttskyttarutvalet -

ÅRSMELDING ETTERSØKSUTVALET

Ettersøksutvalet har eksistert i 15 månader, og aktivitetsnivået har våre høgt i 2010. Utvalet har jobba med ettersøkarbeid, og å styrke samholdet mellom ringar og viltforvaltning i fylket. Vårt første mål var å sette NJFF Sogn og Fjordane i førarsete innan ettersøk i fylket, og dette ser ut som vi har oppnådd.

Utvalet har bestått av fem instruktørar som innehar stor kompetanse og erfaring innan praktisk ettersøkarbeid.

Det har vore halde tre arbeidsmøte i 2010. På desse møta har utvalet diskutert alt som har kommt inn av spørsmål og ytringar frå ettersøksfolk rundt om. Det har vore diskutert og planlagt strategi for framtidige aktivitetar og kurs innan kompetanseheving av ettersøksfolk i fylket.

Det var arrangert eit blodsporkurs i Førde i mai. Med tolv påmeldte var dette eit kjekt og hyggeleg kurs. Kurset gjekk over tre kveldar, der alle fekk leggje sine eigne spor og gå dei kvelden etterpå. Kurset vart arrangert med hjelp av instruktørar frå Førde Brukshundklubb.

I juni var vi medarrangør, og stilte med instruktørar ved vidaregåande ettersøkskurs i Markane. Kurset vart halde helga 4-6 juni saman med Jotunfjell-Fjordane Elghundklubb. Kurset var ein suksess med over førti påmeldte. NJFF Sogn og Fjordane hadde i tillegg alle påmeldingar og andre administrative oppgåver.

Det var planlagt eit nybegynnar ettersøksjegerkurs i mai, men dette vart avlyst pga manglande påmelding.

Temadagen innan ettersøk som utvalet skipa til i slutten av august, vart ein suksess. Det var over førti påmeldte og blant dei var det og folk innan viltforvaltning som møtte. Det var forberedt eit langt og godt foredrag. Dette fenga dei fleste, og diskusjonane gjekk høgt blant alle deltakarane. Vi kjem til å legge opp til at denne fag/tema dagen skal verte eit fast

innslag blant dei aktivitetar utvalet skal drive med, og bli årleg. Utvalet har utelukkande fått positive tilbakemeldingar frå både deltakara som var på arrangementet, men og frå mange som ikkje hadde høve til å møte denne dagen.

Agenda for fagdagen i 2011 er under planlegging, og vi kjem sikkert til å leige inn ein eller fleire forelesarar med ettersøk som spesialfelt.

Ettersøksutvalet vart invitert til å delta på storvald-møtet i Fjaler kommune. På dette møtet haldt vi eit ein times langt foredrag om ettersøk, og kva som er viktig å vete rundt lovverk innan ettersøk.

Utvalet hadde og eit foredrag på årets Viltseminar på Skei. Det vart snakka om ettersøk og agenda som arbeidsgruppene jobba med innan ettersøk.

Plan for 2011 er foreløpig, men utvalet planlegg eit vidaregåande ettersøkskurs dette året. Vi har og fått ein invitasjon frå Ålfoten, om å stille på den store villmarksmessa deira og snakke om ettersøk og trening av hund. Denne messa blir den 4-6 juni 2011. Dette har utvalet lyst til å stille på, for å markere at NJFF Sogn og Fjordane skal være leiande kunnskapsformidlar innan ettersøk på skada hjortevilt.

Med venleg helsing
Rudi Sønnervik
- Leiar Ettersøksutvalet -

ÅRSMELDING FYLKESINSTRUKTØR AVERSJON

Med venleg helsing
Arvid Holme
- FI Aversjon -

ÅRSMELDING ORGANISASJONSKONTAKT

I 2010 har eg fungert som organisasjonskontakt. På årsmøtet i Sogndal 2010 gjennomførte alle deltakarane eit opplæringsopplegg på 3 timar der målet var betre drifta i lokallaget.

Det er ikkje lett å lage eit eintydig bilete av drifta i alle lokallaga i Sogn og Fjordane. Men der er ein del trekk som kan tyde på at vi må tenke nytt for å auke aktiviteten. Eg vil her rekke fram følgande fakta:

1. 9 lag som deltek på årsmøtet
2. 2 lag som søker om sentrale midlar til barne- og ungdomsarbeid.

NJFF sitt bu-utval utarbeidde i 2009 ein rapport om barne- og ungdomsarbeidet i NJFF. Ein sentral del i rapporten var:

"10 kjenneteikn på lokallag som driv godt barne- og ungdomsarbeid":

1. Lokallaget fungerer organisatorisk
2. Lokallaget satser på barn og unge
3. Lokallaget har ein inkluderande planleggingsprosess

4. Lokallaget har ein oversiktleg aktivitetsplan med kontinuerlege tilbod
5. Lokallaget har god gjennomføring og kvalitet på alle arrangement:
 - Har nok instruktørar
 - God marknedsføring
 - Aktiv bruk av media
 - Vurderer alltid sikkerheit
 - Samarbeid med andre/skuleprosjekt
 - Vektlegg mat og det sosiale
 - Involverte foreldre/føresette
6. Driv målretta rekruttering
7. Har gode medlemstilbod
8. Har god økonomisk styring
9. Målretta bruk av portal og heimeside
10. Evaluerer avslutta aktivitet

Desse kjenneteikna gjeld nok ikkje berre barne- og ungdomsarbeidet, men også aktiviteten i laga generelt.

Av desse 10 kjenneteikna er punkt 4. Lokallaget har ein oversiktleg aktivitetsplan med kontinuerlege tilbod, svært viktig for å lukkast med god drift.

Plan for 2011:

Fylkeslaget sitt styre og årsmøtet må drøfte om det er aktuelt å gjennomføre eit opplegg som sikrer alle styre god nok kompetanse i planlegging og gjennomføring av aktivitetar.

Med venleg helsing
Bjarne Huseklepp
- Organisasjonskontakt -

ÅRSMELDING REGIONSINSTRUKTØR HAGLE

Jeg var med på instruktørkurs hagle i sommer, vi fikk besøk fra regionsinstruktør Saminir Handanagic fra Trøndelag, han holdt dommarkurs i hagle og instruktørkurs hagle hos oss i Luster fra fredag til og med søndag, det var 14 deltagere fra hele Vestlandet.

Ble satt inn som Regionsinstruktør Hagle i høst, har ikke kommet skikkelig i gang, men har vært på opplæringsjakt på rype, for damer, på Gaularfjellet.

Der så vi mye fugl, både orrfugl og rype, men det ble ikke skutt noe, damene hadde for lite skytetrening slik at de ikke turde skyte, dette skal vi prøve å rette på i år.

Jeg regner med at jeg skal på kurs på Flå i løpet av året, da vet jeg litt mer hvor vi skal legge lista.

Med venleg helsing
Per Gunnestad
- RI Vestlandet Hagle -

ÅRSMELDING REGIONSINSTRUKTØR ETTERSØK

Året starta med instruktørsamling i januar. Denne vart halde ved Hurdal. Dette var ei samling med alle fylkesinstruktørar i NJFF, og alle faggrupper var samla. Den første dagen gjekk med til felles infomøte og felles kurs. Deretter vart helga oppdelt innan fagfelt, og vi som har ettersøk som felt fekk delta på foredrag halde av Direktoratet for Naturforvaltning. Her fekk vi ein god og ryddig gjennomgang av gjeldande lovverk, og kva vi kan vente oss i framtida innan ettersøk i Noreg.

Samlinga vart avslutta med litt pedagogikk og korleis vi kan bli flinkare som instruktørar. Det vart brukt mykje tid på den nye satsinga til NJFF sin instruktørordning med Jakt og fiske akademiet.

Regionsinstruktør har halde 2 grunnkurs Jakthundinstruktør i 2010. På desse kursa har vi fått gjennom tretten personar som alle skal gå vidare til enten aversjon- eller ettersøks-instruktør. Gledeleg at rundt halvparten av deltakarane var kvinner.

Grunnkursa har vart halde på Skei hotell, frå fredag til søndag. Etter dei tilbakemeldingane vi har fått inn av deltakarane, viser det seg at dei alle er veldig positive til både fagleg innhald og måten kursa vart gjennomførde på.

I 2011 blir det arrangert instruktørkurs ettersøk for dei som vil gå vidare av deltakarane på grunnkurset. Dette kurset er også ope for andre som har gjennomført grunnkurs jakthund andre plassar i landet eller av dei som allereie er trinn 1 instruktør gjennom NKK.

Pr. no er det litt usikkert om det blir avhalde grunnkurs i vår region i 2011. Om det skulle bli kurs, blir nok dette halde i enten Hordaland eller Rogaland.

Målsettinga til Regionsinstruktør blir å kunne utdanne og få fram dyktige og engasjerte instruktørar fordelt på sin region, i tillegg til å ivareta dei allereie utdanna instruktørane ved å halde oppdateringskurs.

Med venleg helsing
Rudi Sønnervik
- RI Vestlandet Ettersøk -

ÅRSMELDING REGIONSINSTRUKTØR JEGERPRØVE

Det vart arrangert kurs for nye jegerprøveinstruktørar i Førde 13.-14. februar 2010. Fleire lokallag bør gjere ein innsats for å finne nye og motiverte instruktørkandidatar i jegerprøva.

Målet mitt har vore å bygge opp ei gruppe på minst 3 instruktørar i kvart lokallag. Då kan dei dele instruktør oppgåvene mellom seg. Dette opplegget fungerer svært godt der ein praktiserer det. Den nye jegerutdanninga på 30 t. set store krav til instruktørane både fagleg og pedagogisk. Dei lokallag som har få instruktørar, kan fort oppleve at instruktørane grå trøytt. Tiltaket mot dette er å finne nye, dyktige kandidatar og meld dei inn til fylkessekretæren.

Det vart arrangert ei sentral samling for fylkesinstruktørane i jegerprøva i 2010.

Tilbakemeldingane syner at dei lokale instruktørane i fylket vårt gjere ein svært god jobb. Det er heller ikkje registrert kommersielle aktørar i jegerprøveavviklinga i fylket.

Det er nok fleire grunnar til dette. Eg vil understreke verdien av at alle lokale instruktørar samarbeider om kursa og fordeler øktene mellom seg . Dette aukar kvaliteten på kursa og styrker samarbeidet mellom instruktørane.

På slutten av 2010 kom dei fleire nye jegerprøvebøker.

NJFF har også utvikla si eiga jegerprøvebok .

Alle lokale instruktørar har fått boka tilsendt. Tittelen på boka er "Jegerprøven med NJFF". Den er oppbygd slik at fagstoffet føl samling for samling. I tillegg er det utvikla mykje godt stoff på NJFF si heimeside under fana til venstre: Jegerprøven.

Eg ber om at alle lokallaga sjekkar følgande rutiner i samband med jegerprøvekurs:

1. Melde kurset inn i Studieforbundet NM.
2. Legge info om kurset på eiga heimeside og heimesida til NJFF-SFJ
3. Ferdigmeldingane skal vise at jegerprøvekurset varte i 30 timar, verken meir eller mindre.
4. Hugs å skriv på klokkeslett for start og slutt under kvar dato.
Det er ikkje nok å berre skrive timetal i sjølve dato-rubrikka.

No er det lov å differensiere prisen på jegerprøva. Dette opner for endå betre medlemsverving i Sogn og Fjordane.

Avslutningsvis vil eg takke dei lokale instruktørane for godt arbeid i 2010.

Årsplan for Fylkesinstruktøren i jegerprøva 2011:

Eg deltek på sentral samling 14.-16. januar. Det same gjeld andre møte som må til, for å sikre god oppdatering eller som styret i NJFF –Sogn og Fjordane bestemmer.

Fylkesinstruktøren vil arrangere kurs for nye instruktørar så snart fylkessekretæren får inn namna på minst 5 nye som ynskjer opplæring.

Med venleg helsing
Bjarne Huseklepp
- RI Vestlandet Jegerprøve -


REKNESKAP 2010

Tekst	2010	2009	2008
DRIFTSINNEKTER			
Andel kontingent	148 902	145 413	138 662
Deltakaravgift	138 715	39 055	43 955
Salsinntekter effektar	3 698	2 076	8 638
Tilskot NJFF	58 385	51 408	56 975
Tilskot FM og FK	151 000		
Andre tilskot	27 477	170 000	260 923
Grasrotandel	518		
Momsrefusjon	11 727	9 017	7 846
Uopptjent inntekt, feil innbet.	4 496		
Leige: treningsterrang	7 400		
Trenings- og instruksjonsinntekter		16 400	2 250
Kursinntekter		9 875	15 579
SUM DRIFTSINNEKTER	537 518	443 244	534 828
DRIFTSKOSTNADER			
Endring varelager	21 991	18 938	-10 000
Honorar / lønn tillitsvalgte	28 203		
Arbeidsgjevaravgift	2 252		
Gåver tillitsvalde og LL	26 093	15 235	32 564
Leige lokale	48 111	51 490	44 100
Feilføring	13 447		
Kjøp av utstyr, inventar	23 380	20 537	19 176
Kjøp av premiar	21 526	19 797	38 413
Programvare (software)	1 881		
Reparasjon og vedlikehald	1 496	1 268	6 691
Kjøp av aktivitetar	28 800	33 967	6 068
Honorar rekneskap	7 875	20 169	2 875
Annonser	12 961	10 902	6 391
Kontorrekvisita	4 807	9 457	5 304
Aviser, tidsskrift, bøker	2 135	6 095	1 985
Kursutgifter	42 087	47 568	41 709
Møteutgifter (mat, opphald)	149 572	61 943	137 252
Utadretta verksemd	3 112	33 110	11 251
Telefon og internett	28 245	18 304	28 570
Porto	11 247	18 251	11 995
Bilgodtgjerdsl	76 222	55 153	72 353
Reiseutgifter, ikkje oppg. pl.	15 427	31 510	14 535
Forsikring	6 923	3 670	3 446
Bank- og kortgebyr	646	677	528
Innkjøp effekter		6 264	0
Kjøp av effektar		0	24 269
Utbetaling til lokallag		0	8 974
SUM DRIFTSKOSTNADER	578 439	484 303	508 447
DRIFTSRESULTAT	-40 921	-41 059	26 381
Renteinntekter	4 940	8 020	16 046
Annan rentekostnad		63	59
RESULTAT	-35 981	-33 102	42 368


Avdelingsvis rekneskap 2010, Nokre prosjekt er synlege for å vise aktivitetsresultat.

	Inntekter	Utgifter	Sum	Budsjett sum
Avd. 1 Administrasjon	252 110	239 792	12 319	-9 700
Årsmøte		36 405	-36 405	
Styremøter		20 967	-20 967	
Arbeidsmøte		17 010	-17 010	
Vitalisering LL		5 690	-5 690	
Sal effektar	3 335		3 335	
Avd. 2 Undom	50 050	50 098	- 48	-8 000
Tilskot FK, fylkesleir	(22 000)			
Fylkesleir, Hyen	50 050	49 490	560	
Avd. 3 OPPTUR	42 600	51 792	-9 192	-8 000
Tilskot FK	(22.000)			
Kvinnekontaktsamling	1 800	14 252	-12 452	
Fisketur for jenter	4 000	8 834	-4 834	
Opplæringsjakt	3 200	6 450	-3 250	
Storfugljakt	11 600	22 256	-10 656	
Avd. 4 Fisk		2 050	-2 050	10 000
Avd. 5 Vilt	45 000	49 762	-4 762	0
Tilskot FK, viltseminar	(45.000)			
Viltseminar	45 000	43 514	1 486	
Rovvilt, kontaktutval og fellingslag		2 349	-2 349	
Avd. 6 Hund	20 850	30 154	-9 304	0
Tilskot FK	(10 000)			
Vintersamling	4 375		4 000	
Vinterprøve	14 250	23 528	-9 278	
Treningsterrang	8 850	14 000	-5 150	
Taksering		2 299	- 2 299	
Fellefangst		1 364	-1 364	
Avd. 7 Eftersøk	81 392	90 101	-8 710	33 000
Tilskot FK	(23 000)			
Vidareg.kurs	13 314	12 946	368	
Blodspor	7 400	4 514	2 886	
Grunnkurs	24 428	39 623	-15 204	
Fagdag eftersøk	13 250	17 035	-3 785	
Avd. 8 Aversjon	1 500		1 500	0
Avd. 9 Jegerprøve	8 631	11 034	-2 403	0
Avd. 10 Jaktskyting	40 325	53 656	-13 331	0
Tilskot FK	(14.000)			
Instr.kurs Hagle	15 925	16 085	-160	
Instr.kurs Rifle	10 400	11 202	-802	
	542 458	578 439	-35 981	17 300

MEDLEMSUTVIKLING




Medlemsutvikling NJFF -Sogn og Fjordane 1980 - 2010




Andre	1560	1773	1698	1977	2504	2578	2528	2503	2587	2568	2546	2514	2511	2343	2552	2535	2589	2617	2671	2531	2617	2497	2404	2365	2149	2188	2198
Barn /unge														272	260	261	243	214	285	356	393	439	479	512	1075	1112	905
Jenter																				150	158	180	191	227	491	509	398
Dir. medl													78	84	75	133	117	98	119	67	64	119	94	80	68	57	59


NJFF Sogn og Fjordane 2010




NJFF Sogn og Fjordane 2009




NJFF Sogn og Fjordane 2003




Barn/unge og kvinner i NJFF Sogn og Fjordane




Askvoll og Holmedal jfl




Aurland jfl




Balestrand jfl




Bryggja og Omegn jfl




Eid jfl




Fjaler jspfl




Flora jff




Førde jfl




Gaular jfl




Gloppen jfl




Gulen jsfl




Hyen jfl




Hyllestad jfl




Høyanger jfl




Jølster jspfl




Leikanger jfl




Luster jfl




Lærdal jfl




Naustdal jfl




Selje jfl




Sogndal jspfl




Stryn og Hornindal jspfl




Svelgen jfl




Sørgulen jfl



Vik jfl



Årdal jfl



Statistikk Internett

	Hits 2008	Hits 2009	Hits 2010	Nr. i 2010
NJFF Hedmark	100.968	113.923	126.699	1 (42.554 visits)
Trondheim jfl		93.965	108.519	2 (33.038 visits)
Bodø jfl		91.539	88.824	3 (26.794 visits)
NJFF Akershus	87.624	76.854	67.699	4 (23.618 visits)
NJFF Østfold		74.534	73.381	5 (22.713 visits)
NJFF Sogn og Fjordane	40.104	51.649	53.351	6 (20.472 visits)
Askvoll og Holmedal jfl	448	5 588	6 418	
Førde jfl		3 874	4 478	
Leikanger jfl		2 217	4 040	
Aurland jfl	129	2 680	3 801	
Luster jfl	383	3 569	3 117	
Eid jfl	176	2 145	3 096	
Stryn og Hornindal jspfl	573	3 895	3 001	
Lærdal jfl		2 336	2 572	
Hyen jfl	119	143	629	
Flora jfl	117	665	429	
Gaular jfl	149	209	248	
Jølster jspfl		294	127	

Kontorutstyr som NJFF – Sogn og Fjordane eig pr. 31.12.10

1 datamaskin (pc)	Lenovo	2008
1 Flatskjerm, PC	Samsung	2008
1 bærbar PC	Acer	2006
1 Mobiltelefon	Nokia	2010
1 telefaks	Brother Fac-T74	2005
1 ISDN telefon	DORO bisy	1999
1 kopimaskin	Nashuatec D420	1997

Utstyr til lån som NJFF – Sogn og Fjordane eig pr. 31.12.10

Skaphengar, (2000)
 Elektrisk Dressurhalsband (utgått)
 Målegevær
 10 stk. startpistolar (2009)
 2 hagler
 2 rifler
 2 luftgevær
 2 stk. kulefanger, sjølvanvisar
 Gigant-lavvo (70 m²)
 8-manns lavvo
 2 stk. militærtelt m/ omn. Firkanta m/ vindauge (16m²)
 10 makketroder utan snelle, 2000, 10 isfiskesett + isbor m.m. (2005)
 7 sjøfiske/ferskvasstenger (2001)
 6 ferskvasstenger (2001-2002)
 3 sett junior haspelstenger Shimano (2008)
 6 sett flugestenger, Vision 9'6" #7-8. (2000)
 3 sett flugestenger Fenwick junior cumbo, 8' #5 (2008).
 1 sett flugestong Guideline 9'3" #7 (2008)
 1 sett flugestong, Vision 9'6" #8. (2008)
 10 sett flugebindarutstyr, (2007)
 10 sett flugebindarutstyr, (2009)
 4 stk oter,
 Hov,
 klepp
 ABU røyk, stor.
 Kaffekjele.
 30 flytevestar
 Mink - og mårfeller
 2 slagfeller til rev
 10 stk. kompass
 Balansetau frå slakkline.no (2008)
 Buldrematte (2008)
 2 stk. presenning
 Øks, sag etc.
 Ymse

Norges Jeger- og Fiskerforbund -Sogn og Fjordane

Årsplan for 2011

Satsingsområder:

- **Jakt og Fiske**
 - *Utøving av jakt og fiske*
 - *Ivareta naturgrunnlaget*
 - *Tilgang til jakt og fiske*
- **Opplæring og kunnskapsheving**
 - *Jakt- og Fiskeakademiet*
 - *Trening og konkurransar*
- **Informasjon og påverking**
 - *Generelt informasjonsarbeid*
 - *Politisk og forvaltningsmessig påverking*
- **Organisasjon**
 - *Planlegging, organisasjonsutvikling og drift*
 - *Rekruttering*
 - *Barn og ungdom*
 - *Kvinner – OPPTUR Jenter, Jakt og Fiske*
 - *Samarbeid med andre*



Jakt og Fiske

- Vilt- og fiskebestandane skal haustast og forvaltast på ein berekraftig måte gjennom jakt og fiske til glede, nytte, god helse og livskvalitet for jegerane og fiskarane. Hausting skal skje sikkert og utan unødig lidning for byttet. Utøvarane skal ha stor innsikt i aktivitetane sine og gode etiske normer. Jakt og fiske skal fortsatt vere ein del av det enkle og naturvenlege friluftslivet som tar i vare norske tradisjonar og kulturarv
- Alle som bur i Noreg skal i ha moglegheit for jakte og fiske dersom ein ynskjer det.

Utøving av jakt og fiske

Redusere skadeskyting	“Betre Jakt” prosjekt: 1. Forarbeid: DVD, materiell 2. DVD til alle jaktlag i fylket 3. Miniseminar	2011 2012 jan-febr. 2012	4-5 stader	GH
Jakttidsrevisjon	Samla høyringsuttale frå LL og FL			GH
Påverke Kystselforvaltning	FK – egne genetiske stammar? (Bestandsregistrering?)	Vår		RS?

Sportsfisketiltak	Følgje opp sentrale initiativ for å tilrettelegge for auka sportsfisketiltak i LL				FF
Innlandsfisk					FF
Ivareta naturgrunnlaget					
Hjorteviltforvaltning	Delta i lokale og regionale planprosessar vedr. hjorteviltforvaltning (Sogndal kommune, Ottadalen villreinområde etc.)				FV
	Påverke oppretthalde måneskinnsjakt				FV
Ettersøk	Kontakt med ettersøksringar, kommunal forvaltning for å betre kåra for ettersøk				E.utval
	Database ettersøksarbeid				
Bestandsovervaking	Deltakar merkeprosjekt hjort i Nordfjord				O. Bjørlo
	Oterregistrering				FV
	Vårtaksering rype og skogsfugl	30.04-01.05	Langestølen		FH
	Vårtaksering rype og skogsfugl	29.04-08.05	Vindheim-Sletteheia		FH
	Taksering rype og skogsfugl	5.-20. aug	Begge		FH
Rovviltforvaltning	Motivere til innsats i lisensfelling /kvotejakt.				FV
	Følgje opp stortingsmelding om rovviltforv.				FV
	Deltakar kontaktutval rovvilt i S og Fj.				FS
	Deltakar ref.gruppe fellingslag store rovdyr				FS
Villaksforvaltning	Uttale i saker vedr. oppdrett				FF
	Følgje opp sentrale satsingar				
	Deltakar lakseråd				
Hav og kystområda?	Brislingfiske i fjordane				FF
	Berekraftig beskatning				
	Informasjon ny minstemål				
Kraftsaker	Infomere LL om lokale saker				FF
	Bistå LL i saker dei ynskjer hjelp i				
	Følgje opp Brulandsfossen				
Regionalt planarbeid	Delta aktivt m.t.p. naturmiljø og friluftsliv				FF, FV
Naturmangfaldlov	Motivere til deltaking på kurs, informere				FS
Vassforskrifta	Motivere til deltaking på kurs, informere				FS
	Delta i arbeid med regionale vassplanlegging				FF
Vilt- og fisketiltak	Bistå LL ved behov i kultiveringsarbeid				FV/ FF

Tilgong til jakt og fiske

Retten til land og vatn	Følgje opp sentralt arbeid vedr. Finnmarks-eigedomen, følgje opp innstillinga frå Samerettsutval II	FS
Leigeforhold vedr. jakt og fiske	Bistå ved behov LL i enkeltsaker med rettshavarar, prestegardsrettar etc.	FF / FV
Framleige	Følgje opp søknader m.fl.	FF
Jakt- og fiskekort	Oppdatere oversikt over jakt- og fiskekort	FV, FF
Jakt i verneområde	Følgje opp verneforskrifter mtp jakt, spes. i våtmarksområder	FV
Jakt med hund	Informere om moglegheiter for jakt med hund	FH
Inatur	Informere om iNatur til LL og medlemmer	FS

OPPLÆRING OG KUNNSKAPSHEVING

- NJFF skal bli det naturlege miljøet å søke seg til for å få kunnskap om jakt, fiske og tilhøyrande aktivitetar. Opplæringsverksemda skal bli ein av dei største kontaktflatene mellom organisasjonen og samfunnet.
- Omfanget av den organiserte kursverksemda skal aukast og kvaliteten forbeistrast.
- Organisasjonen skal vidareutvikle konkurranseverksemda innan jaktsskyting og fiske for å fremje ferdigheiter og kunnskap

Jakt- og Fiskeakademiet

Jegerprøve	Oppdateringskurs instruktørar, Fase III	26.nov.	Skei	RI Jegerpr.
Ettersøk	Instruktørkurs Ettersøk	29.-30. april	Skei	RI Ettersøk
	Vidaregåande kurs ettersøk	17.-19. juni	Kråkenesm.	E.utval
	Fagdag Ettersøk	27. aug.	Skei	E.utval
	Foredrag på seminar, samlingar etc.	4.-6. juni	Ålfoten	E.utval
Aversjon	Instruktørkurs Aversjon	14.-15. jan	Førde	FI Aversjon
Dressur	Instruktørkurs Dressur	6.-8. mai	Førde	FS
Fuglehund	Vintersamling fuglehundar	25.-27. febr.	Gaularfjell	FH
	Sommarsamling fuglehundar	4.-5. juni	Fosseheimen	
Rovvilt	Fagdag jervejakt og sporing store rovdyr	Mars	Skei	FV
	Medarrangør revejakkurs i Gaular			FS
Opplæringsjakt	Småvilt, for jenter. Del 1 haglekurs	13.-14. aug	Luster	KK
	Småvilt, for jenter. Del I Praktisk og teori	24.-26. okt	Fosseheimen	
	Opplæringsjakt for nye jegerar – samle			FV

	informasjon, tilbud til kursdeltakarane Jaktleir?			
Fiskeseminar	Saman med samarbeidspartnerane	19.-20. nov.	Førde	FF
Organisasjon	“Verktøykasse-kurs” / mini org.kurs ved behov i LL			FI Org.
Naturmangfald og vassforskrift	Kurs i Naturmangfaldslova og vassforskr.	3. mars	Skei	FS
Koordinere Jakt og Fiskeakademiet.	Koordinator og “team-leder”			FS
Trening og konkurransar				
Jaktskyting	Samordne terminliste Premiar til FM og LM Premiar Sogn og Fj. Cup og Våpenloftetcup Bistå LL ved behov på stevner Bistå Eid jfl på NM Jaktfelt			Skyteutval FS Skyteutval Skyteutval FS / skyteu.
Treningsterreng	For fuglehundar Gaularfjell (Gaular) skaffe skriftleg avtale –Risbotnen (Balestr.)	15.10-31-03	Gaularfjell	FH
Fuglehund – konkurransar	Lagsmeisterskap Vinterprøve for fuglehundar	20. febr. 5.-6. mars	Gaularfjell Gaularfjell	FH

INFORMASJON OG PÅVERKING

- Skal vere ein aktiv informasjonsspreiar både internt og eksternt, og skal stimulere til auka kunnskap og interesse og større forståing for jakt og fiske i befolkninga. Marknadsføringa skal bli meir heilhetleg. Påverke for å legge til rette for gode rammevilkår for jakt, fiske og NJFF si verksemd.

Generelt informasjonsarbeid

Kommunikasjonsstrategi	Følgje opp vedteken strategi sentralt			Alle
Informasjon	Informasjonsverksemd i enkeltsaker Pressemeldingar			Leiar
Elektronisk kommunikasjon	Nettportal – spreie informasjon Facebook – legge ut aktivitetar mm E-post – spreie informasjon, Jeger & Fisker			FS
Verdigrunnlag	Synleggjere organisasjonen sitt verdigrunnlag, kurs, årsplan etc.			Alle
Funksjonshemma	Informere om fiskeplassar og skytebaner som er tilrettelagd for funksjonshemma			FS

Marknadsføring – film	Lage små filmsnuttar for å presentere aktivitetar for barn og unge			UA
-----------------------	--	--	--	----

Politisk og forvaltningsmessig påverking

Off. myndigheter og forvaltning	Arbeide aktivt overfor FM og FK for å påverke i saker og beslutningar med betdnying for jakt, fiske, vilt og fisk Ad hoc utvalet fortsetje sitt arbeid ???			Leiar
---------------------------------	---	--	--	-------

ORGANISASJON

- Vere ein aktiv og moderne interesseorganisasjon som utviklar og tilpassar seg samfunnsendingar og nye - rammevilkår, samtidig som vi tek i vare erfaringsgrunnlaget.
- Sogn og Fjordane skal ha kontinuerleg medlemsvekst.
- Syte for at born og unge får så gode moglegheiter for jakt og fiske og øvrige tilbod, at dei naturleg søker seg både til utøvinga og NJFF som medlemmer
- Legge til rette for at fleire kvinner utøver jakt og fiske, og at antal kv. medlemmer og tillitsvalde aukar.
- Samarbeide med andre organisasjonar og interessemiljø som har interesser for jakt, fiske og våre interesser for øvrig, for å skape alliansar i samfunnet.

Planlegging, organisasjonsutvikling og drift

Planlegging	Utarbeide årsplan for fylkeslaget	Jan-febr		Alle
Internskulering FL	Samling RI Jegerprøve RS / Fylkesleiersamling Fylkessekretærsamling	14.-16. jan.		FI Jegerpr. Leiar FS
Årsmøte		19.-20. mars	Eid	Leiar
Økonomiske tilskot	Søkje om økonomisk tilskot til verksemda	15. jan.		FS

Rekruttering

Medlemsvekst	Påverke LL til god rekrutteringsaktivitet			Alle
Medlemsfordelar	Prisdifferensiere medlemmer – ikkjemedlem Marknadsføre medlemsfordelar Opprette nye fordelar?			Alle
Revitalisere LL	Lage strateginotat til revitaliseringa og følgje denne	Febr – ut året	Førde jfl, Gaular jfl, Askvoll og H Gloppen jfl	Styret
Oppfølging LL	Følgje opp LL – telefonkontakt og besøk			Alle
Opne lukka LL	Der det vert naturleg, påverke til at LL fornyar vedtekter og opnar for alle medl.			FS

Born og unge

Prisar	Barne- og ungdomsprisen 2010 Heidersprisen 2011			Styret
Jakt og fiskeskule	Bistå og påverke til at 2 LL opprettar jakt- og fiskeskular			UA
Fylkesleir	For ungdom 12-15 år, saman med LL i Førde, Gloppen og Hyen	3.-5. juni	Nesholmen	UA
Den naturlege skulesekken	Påverke til at NJFF sine aktivitetar vert del av den naturlege skulesekken			UA
Politiattest	Informere og bistå LL			FS
UA-samling?	Samling for UA i LL ??			UA
Revitalisering LL	Bistå UA i LL som revitaliserast m.hj. av FL		Førde, Askvoll, Gaular, Gloppen	KK

OPPTUR – Jenter, Jakt og Fiske

Storfugljakt	Jakttur	1.-6. nov	Storbäck	KK
Havfisketur	Fisketur	24.-26. juni	Askrova	KK
KK samling	Samling for KK i LL	18.-19. febr.	Lunde, Skei	KK
Revitalisering LL	Bistå KK i LL som revitaliserast m.hj. av FL		Førde, Askvoll, Gaular, Gloppen	KK
Fleire KK i LL	Påverke LL til å oppnemne KK i styret			KK

Samarbeid med andre

Grunneigarar	S og Fj. Skogeigarlag, Bondelaget – prosjekt, rovvilt, jakt og fiskekort etc.			FF, FV, FS
FK og FM	Tildeling midlar, prosjekt			
FNF	Deltakar styringsgruppa, fellesmøter, årsmøte, uttalar mm.			
Friluftsgorganisasjonar	Gjennom FNF, uttalar, aktivitetar			

BUDSJETT 2011 med rekneskapstal frå fjoråret

	Inntekter 2010	Utgifter 2010	Sum 2010	Budsjett Inntekt 2011	Budsjett utgift 2011	Sum 2011
Avd. 1 Administrasjon	252 110	239 792	12 319	250 000	260 000	-10 000
Avd. 2 Undom	50 050	50 098	- 48	50 000	50 000	0
Avd. 3 OPPTUR	42 600	51 792	-9 192	45 000	45 000	0
Avd. 4 Fisk		2 050	-2 050	45 000	45 000	0
Avd. 5 Vilt	45 000	49 762	-4 762	100 000	90 000	10 000
Avd. 6 Hund	20 850	30 154	-9 304	89 000	89 000	0
Avd. 7 Eftersøk	81 392	90 101	-8 710	65 000	50 000	15 000
Avd. 8 Aversjon	1 500		1 500	7 500	7 500	0
Avd. 9 Jegerprøve	8 631	11 034	-2 403	5 000	5 000	0
Avd. 10 Jaktskyting	40 325	53 656	-13 331	35 000	45 000	-10000
	542 458	578 439	-35 981	691 500	686 500	5 000

VEDTEKTER

NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND -SOGN OG FJORDANE

Vedtekne av årsmøtet 25.03.2000

Revidert 18.03.06

Godkjendt av NJFF 09.02.07

DEL I

§ 1. NAMN

Fylkeslaget sitt namn er Norges Jeger- og Fiskerforbund – Sogn og Fjordane, og er ein samanslutning av alle lag tilslutta Norges Jeger- og Fiskerforbund i Sogn og Fjordane Fylke.

§ 2. FORMÅL

Fylkeslaget sitt hovudformål er det same som for NJFF sentralt:

Å ta vare på jakt- og fiskeinteressene igjennom å ta vare på naturen sitt produksjonsgrunnlag, og ved at ålmenta skal ha tilgang til å utøve jakt og fiske. Hovudmåla er:

- *å være ein aktiv interesseorganisasjon som tek vare på medlemene sine interesser innan jakt, fiske, naturforvaltning og friluftsliv.*
- *å sikre ei berekraftig hausting av vilt- og fiskeressursane våre, basert på tilgjengeleg kunnskap.*
- *å sikre at viltet og fisken blir hausta til glede for flest moglege motiverte utøvarar.*

Arbeidet i fylkeslaget skal byggje på NJFF sitt gjeldande handlingsprogram og det årlege arbeidsprogrammet.

Fylkeslaget skal være bindeleddet mellom NJFF sitt sentralledd og lokallaga i fylket. Det har eit særleg ansvar med å ta vare på organisasjonen sitt formål elles på fylkesnivå.

§ 3. LEIANDE ORGAN

Laget sine leiande organ er:

- a) *Årsmøtet*
- b) *Ekstraordinært årsmøte*
- c) *Styret*

Årsmøtet skal haldast kvart år innan 1. april.

Sentralleddet i NJFF har rett til å vera representert på års- og styremøta til fylkeslaget med talerett.

§ 4. ØKONOMI

Forbundet refunderer til fylkeslaget den del av kontingenten som landsmøtet fastset.

Fylkeslaget sitt årsmøte kan i tillegg fastsetje ein eigen kontingent til fylkeslaget som vert kravt inn saman med forbundskontingenten.

Fastsett fylkeskontingent skal meldast til forbundet innan 1. september.

DEL II

§ 5. ÅRSMØTE

Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan 1. april og skal veksla likt mellom Nordfjord, Sunnfjord og Sogn.

Årsmøtet skal kallast inn med 6 vekers skriftleg varsel. Framlegg som laga ynskjer å få handsama av årsmøtet skal vere styret i hende innan utgangen av januar.

Styret sitt framlegg til sakliste, årsmelding, rekneskap, evt. vedtektsendringar og andre saksdokument skal sendast til lokallaga seinast 2 veker før årsmøtet.

Lag med inntil 200 medlemmer kan senda 2 representantar. Lag med fleire medlemmer kan sende ytterlegare 1 representant for kvar påbyrja 200 medlemmer, -maksimalt 6 representantar.

Medlemmer frå laga utnemnd av NJFF i sentrale utval og fylkesinstruktørar vert kalla inn til årsmøtet. Desse har talerett, men ikkje røysterett. Dersom dei møter som representant for eit lag har dei både tale- og røysterett på årsmøtet.

Årsmøtet skal handsama følgjande:

11. Konstituering av møtet

- Godkjenning av fullmakter
- Godkjenning av innkalling
- Godkjenning av saklista
- Godkjenning av forretningsorden
- Val av ordstyrar
- Val av sekretær
- Val av teljekorps
- Val av 2 representantar til å skriva under møteboka

12. Årsmelding frå siste kalenderår.

13. Revidert rekneskap frå siste kalenderår.

14. Innkomne saker med styret sitt framlegg til vedtak.

15. Andre saker som styret har sett opp på saklista.

16. Styret sitt framlegg til årsplan.

17. Fylkeslaget sin kontingentdel, med styret sitt framlegg til vedtak.

18. Styret sitt framlegg til budsjett.

19. Val av styre i medhald av § 7.

20. Val av valnemnd på 3 medlemmer - mest mogleg geografisk fordelt, for 3 år, ein person på val kvart år. Den av medlemene som har sete lengst, er leiar i valnemnda.

21. Val av 2 revisorar og ein varamedlem for 3 år, ein person på val kvart år.

22. Val av utsendingar til landsmøtet (kvart tredje år).

Ungdomsansvarleg skal vere representert ved NJFF sitt ordinære landsmøte, og skal gå inn i kvoten til fylkeslaget.

Dersom ikkje noko anna er bestemt, skal alle saker avgjerast med simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta, unnateke ved personval, der ein skal foreta loddtrekking. Vala skal vera skriftlege dersom nokon av representantane krev det.

Ingen representantar har meir enn ei røyst. Styremedlemene i NJFF Sogn og Fjordane har ikkje røysterett i saker som gjeld årsmelding og rekneskap.

§ 6. EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Ekstraordinært årsmøte kan kallast inn av styret, eller når eit tidlegare årsmøte har bestemt det, eller minst 1/4 av lokallaga i fylket, eller forbundsstyret i NJFF krev det.

Ekstraordinært årsmøte, vedlagt sakliste, skal kallast inn med minst 14 dagars varsel. Møtet skal ikkje ta avgjerd i andre saker enn dei som er oppførde på saklista i innkallinga.

§ 7. STYRE

Laget vert leia av eit styre på 7 representantar, som består av leiar, nestleiar/sekretær, kasserar, ungdomsansvarleg, kvinnekontakt, fagleiar vilt og fagleiar fisk.

Fagleiar vilt og fagleiar fisk har fagansvar på kvar sine fagområde og førebur desse til styrebehandling.

Styret skal ha to vararepresentantar. 1. vararepresentant har hovudansvar for fagområde innan jakthund. 2. vararepresentant er ordinært varamedlem.

Fyrste vararepresentant vert innkalla til alle styremøte, og har røysterett når nokon av dei andre medlemene har forfall.

Andre vararepresentant vert også innkalla til fyrste styremøtet etter årsmøtet, og elles når faste representantar melder avbod. Styret har til ein kvar tid maksimalt 6 repr. med stemmerett.

Ved likt røystetal har leiar dobbeltrøyst.

- 1. Styret vert vald for 2 år om gongen. Leiar, kasserar, fagleiar vilt og kvinnekontakt vert valde i år med like årstal. Nestleiar/sekretær, ungdomsansvarleg og fagleiar fisk vert valde i år med ulike årstal.*
- 2. Varamedlemene vert valde for 1 år om gongen.*

Fylkesinstruktørane og andre fagpersonar er fagleg underlagt NJFF, og tiltrer fylkesstyret etter behov med tale og forslagsrett.

§ 8. STYRET SITT ARBEID

Styret skal:

- 1. Representere fylkeslaget, utøve administrativt mynde, handheve vedtektene og ivareta fylkeslaget sine interesser ut mot dei lokallaga som er tilslutta laget og regionale styresmakter.*
- 2. Medvirke til å opprette nye lokallag og eventuelt medvirke til å slå saman lokallag der det er naturleg, og hjelpe desse med råd og opplysningar.*
- 3. Førebu, handsame og vedta saker av interesse for laga i fylket.*

4. Halde møter med lokallagsleiarar/-styre for drøfting av viktige saker av felles interesse samt ta initiativ til kurs, møte o.l.
5. Sende saker til høyring i lokallaga.
6. Fastsetje tid for ordinært og eventuelt ekstraordinært årsmøte.
7. Leggje fram årsmelding og rekneskap med revisorrapport kvart år om laget si verksemd i kalenderåret.
8. Utarbeide framlegg til årsplan og budsjett for komande år.
9. Sende årsmelding og rekneskap samt årsmøtereferat med ajourført liste over tillitsvalde til NJFF og lokallaga seinast 1 månad etter årsmøtet. Føreslå nyval dersom tillitsvalde ikkje oppfyller instruksen, også om dei ikkje står på val.
10. Styret kan oppnemne egne arbeidsutval. Styret utarbeidar arbeidsinstruks for desse.
11. Gjere framlegg om tildeling av eventuelle heidersteikn.
12. Utnemne fylkesinstruktørar.
13. Utarbeide instruks for tilsette i fylkeslaget.
14. Styret utarbeidar instruks for styremedlemer og instruktørar.
15. Vere representert ved stemner og arrangement på fylkesnivå.
16. Arbeide for lags- og medlemsfordeler, herunder drive informasjon om økonomisk støtte til fylkeslag og lokallag.
17. Avgjere tvistar mellom laga. Avgjersla kan ankast inn for årsmøtet i fylkeslaget.

Styret er vedtaksført når minst halvdelen av styret er tilstades. Vedtak vert avgjort ved simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta. Det skal førast protokoll frå kvart styremøte.

§ 9. VEDTEKSENDRINGAR

Vedtektsendringar (del II) kan gjerast av årsmøtet. Til gyldig vedtak vert det kravt 2/3 fleirtal av dei representantane som er tilstades på årsmøtet.

Vedtektsendringar skal godkjennast av Representantskapet i NJFF.